



Vertshuset held fram med god vind i segla og i kveld kan Morten Nilsen melda at det har møtt 90 til skaldyraften, som står på programmet kvar torsdag.

Det er iikkje minst dei ferske rekene han hentar på Karmøy som fristar gjestene.
Dei kjem frå nærsagt alle kantar av Kvinnherad og det er i tillegg eit betydeleg innslag av feriegjester.

Over er det Terje Jacobsen frå Porsvik som vurderer rekene medan to Herøysund-damer er i ferd med å forsyna seg på biletet under.

Dei er Marianne Lofthus Aakre og Ragnhild Hvandal Løland.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

